



HØGSKOLEN STORD/HAUGESUND

VURDERINGSINNLEVERING

Emnekode: LU2-PEL415

Emnenamn: Pedagogikk og elevkunnskap 2b 5-10

Vurderingsform: Bacheloroppgåve

Kandidatnr: Mads Meløy Nilsen

Leveringsfrist: 16.05.2014 kl.14:00

Ordinær eksamen eller kontinuasjon: Ordinær

Fagansvarleg: Steinar Westerheim og Trond Egil Arnesen

Den erfarte læreplan i kroppsøving



Mads Meløy Nilsen

2014

Samandrag

Forfattar:

Mads Meløy Nilsen

Tittel:

Den erfarte læreplan i kroppsøving

Innleiing:

Her forklarar eg bakgrunn for oppgåva og kvifor eg har valt å skrive om dette emnet. Eg presenterer òg oppbygginga av oppgåva.

Problemstilling:

Hovudproblemstillinga for oppgåva er: «*Den erfarte læreplanen - Kva fagstoff i læreplanen opplever elevane vert vektlagt i deira undervisning?*» I tillegg til ei underproblemstilling der eg spør: «*Kva fagstoff vektlegg lærarane og kva forskjellar finn ein i forhold til elevane sin erfarte læreplan?*»

Teori:

Her legg eg fram teori knytt til læreplan, ulike læreplannivå, læreplanverket for kunnskapsløftet, spørsmål knytt til legitimering av faget kroppsøving og ulike perspektiv i kroppsøvingsundervisninga.

Metode:

For å finne eit svar på problemstillinga mi, har eg nytta spørjeskjema som kvantitativ forskingsmetode. Utvalet i undersøkinga er fire heile 9. klassar og seks lærarar ved ein skule. Utvalet på seks lærarar vert verken kvantitativt eller kvalitativt, eg meiner likevel at det er interessant då dei representerer ein del av lærarane som underviser elevane i undersøkinga.

Resultat og drøfting:

Her vert resultata frå undersøkinga presentert og drøfta. Drøftinga vil vera knytt til elevane sin erfarte læreplan og lærarane sin oppfatta læreplan. Den erfarte læreplanen vert òg drøfta i lys av kjønn, idrettsdeltaking og elevane sin karakter i faget.

Konklusjon:

Ingen av påstandane i undersøkinga skil seg ut som vesentleg meir viktig enn andre. Dei fem påstandane som elevane opplevde at lærarane la mest vekt på, hadde svært små forskjellar. Dette kan tyde på at undervisninga til elevane er variert, og at elevane har ein forståing av at lærarane ynskjer å fremje mange forskjellige aspekt med faget i undervisninga. Den erfarte læreplanen og den oppfatta læreplanen samanfatta svært godt. Men, nokre unntak var det. Eg trur at ein viktig utfordring for læraren vert å kommunisera måla for undervisninga i møte med elevane. Munnleg dialog med elevane kan bidra til at elevane vert aktivert òg på eit kognitivt nivå. I undersøkinga fann eg òg forskjellar i den erfarte læreplanen knytt til kjønn, idrettsbakgrunn og karakter. Resultata i undersøkinga vil med stort sannsyn vera avhengig av utvalet av respondentar, og resultatet må difor bli sett på i lys av dette.

Innholdsliste

Samandrag.....	2
Innleiing	6
2.0 Teori.....	7
2.1 Kva er ein læreplan	7
2.2 Goodlad, Klein & Tye sine læreplannivå	7
2.2.1 Den ideologiske læreplanen	7
2.2.2 Den formelle læreplanen.....	7
2.2.3 Den oppfatta læreplanen	8
2.2.4 Den operasjonaliserte læreplanen.....	8
2.2.5 Den erfarte læreplanen.....	8
2.3 Kunnskapsløftet	9
2.3.1 Læreplanen i kroppsøving.....	9
2.4 Legitimering av kroppsøvfaget.....	11
2.5 Kroppsøvfagsundervisning i perspektiv av kjønn og idrettsbakgrunn	12
2.6 Tidlegare forskning	13
3.0 Metode.....	15
3.1 Kvantitativ metode	15
3.2 Utval	15
3.2.1 Elev utval	15
3.2.2 Lærar utval.....	16
3.3 Utvikling av spørjeskjema	16
3.3.1 Påstandane i spørjeskjemaet.....	16
3.4 Validitet	19
3.5 Reliabilitet	19
3.6 Statistiske analysar	20
4.0 Resultat og drøfting.....	21
4.1 Rangering av påstandane i undersøkinga	21
4.1.1 Den erfarte læreplan	21
4.1.2 Den oppfatta læreplan og forholdet til den erfarte læreplanen.....	22
4.1.3 Drøfting.....	22
4.1.4 Oppsummering.....	26
4.2 Den erfarte læreplanen i lys av kjønn.....	26
4.2.1 Drøfting.....	27
4.2.2 Oppsummering.....	29
4.3 Den erfarte læreplanen i lys av elevane si deltaking i idrett	29

4.3.1 Drøfting.....	30
4.3.2 Oppsummering.....	31
4.4 Den erfarte læreplanen i lys av karakterskilnader	31
4.4.1 Drøfting.....	32
4.5 Korrelasjon	33
5.0 Konklusjon	34
Kjelder.....	36
Vedlegg 1, Informasjonsskriv til Rektor	39
Vedlegg 2, Informasjonsskriv til føresette	40
Vedlegg 3a, Spørjeskjema.....	41
Vedlegg 3b, Spørjeskjema med resultat.....	42
Vedlegg 3c, Kva opplever elevane at lærarane legg vekt på i undervisninga	43
Vedlegg 4a, Spørjeskjema lærar	48
Vedlegg 4b, Spørjeskjema lærar med resultat	49
Vedlegg 5, Statestikk frå spørjeskjema til elevane (SPSS-utskrift).....	50
Vedlegg 6, T-test – Gruppevariabel: Lærer/Elev Test variabel: Påstandane (SPSS-utskrift).....	52
Vedlegg 7a, Krysstabellar av påstandane i forhold til kjønn (SPSS-utskrift)	54
Vedlegg 7b, T-test - Gruppevariabel: Kjønn Test variabel: Påstandane (SPSS-utskrift).....	57
Vedlegg 8, T-test – Gruppevariabel: Driv elevane med idrett i eit idrettslag/annan organisasjon? Test variabel: Påstandane (SPSS-utskrift)	59
Vedlegg 9, T-test – Gruppevariabel: Siste karakter i kroppsøving (4 og 5) Test variabel: Påstandane (SPSS-utskrift).....	61
Vedlegg 10, Korrelasjon mellom påstandane (SPSS-utskrift)	63

Innleiing

Denne oppgåva har eg skrive i forbindelse med grunnskulelærarutdanninga (5-10) ved Høgskulen Stord/Haugesund. På bakgrunn av egne interesser i faget kroppsøving har eg valt å knytte oppgåva i mot det faget.

I dei fleste faga på ungdomsskulen vert prøvar nytta for å vurdera elevane. Dette gir læraren informasjon om elevane har tileigna seg dei ferdigheitane eller dugleikar som var intensjonen med undervisninga. Kroppsøving som fag, vert ikkje assosiert med tradisjonelle prøvar. Det ynskjer eg heller ikkje at det skal vera, men det fører til at kroppsøvingslærarar generelt ikkje har den same innsikta i kva elevane har lært eller kva dei skjønner og forstår. Eg meiner at dette er nyttig informasjon for kroppsøvingslærarane. Difor ynskjer eg i denne oppgåva å setja fokus på nettopp dette. Hovudproblemstillinga mi vert: *Den erfarte læreplanen - Kva fagstoff i læreplanen opplever elevane vert vektlagt i deira undervisning?* I tillegg til ei underproblemstilling der eg spør: «*Kva fagstoff vektlegg lærarane og kva forskjellar finn ein i forhold til elevane sin erfarte læreplan?*»

Klaudia Jonskås poengterer at mengda på forskning i faget kroppsøving ikkje står i stil med timetalet faget har i skulen (sitert i Arnesen & Aadland, 2013, s. 31). Spesielt knytt til elevperspektiv finn ein lite tidlegare forskning. Skolefagsundersøkelsen 2011 undersøkte blant anna fagsyn blant lærarar som underviste i kroppsøving på barneskulen (Arnesen & Aadland, 2013). I den samanheng vart det utvikla nokre påstandar knytt til fagsyn i kroppsøving. Desse vil stå sentralt i mi utarbeiding av påstandar til spørjeskjemaet eg har nytta. Å innlemme alle dimensjonane ved eit fag i ei handfull med påstandar vert umogleg. Undersøkinga må difor sjåast i lys av både dei avgrensingane det gir, og det faktum at påstandane representerer min oppfatta læreplan.

I oppgåva vil eg byrja med å leggja fram teori knytt til læreplan, læreplanarbeid, læreplannivå, Læreplanverket for Kunnskapsløfte (heretter LK06), legitimering av kroppsøvingsfaget og ulike perspektiv i kroppsøvingsundervisninga. Vidare vil eg skriva om val av metode, grunnleggjande utvalet i undersøkinga, utvikling av spørjeskjema og kva tankar eg har bak påstandane i undersøkinga. Deretter vert mine resultat og funn presentert og drøfta i lys av teorien.

2.0 Teori

I dette kapitlet vil eg forklare kva ein læreplan er. Eg vil leggja stor vekt på Goodlad, Klein & Tye sine læreplansnivå (1979). Kunnskapsløftet som dannar grunnlaget for mine undersøkingar vil òg ha ein sentral plass, særskild læreplanen innan kroppsøving.

2.1 Kva er ein læreplan

Lyngsnes & Rismark forklarar at læreplanen er eit overordna rammeverk som angir intensjonar og retningar for arbeidet som skulen skal driva si verksemd etter (2007). Dei fyrste læreplanane i nordiske og tyske skular, tredde fram på 1800-tallet og blei kalla “plan for undervisning”. I dag vert omgrepet læreplan nytta, denne endringa understreker ei viktig utvikling i frå læraren si undervisning til elevane si læring (Gundem, 1990). I den nordiske publikasjonen Grunnskolen i Norden frå 1977, vert læreplan definert slik:

”Sentrale virkemidler som gir en nærmere utforming av de generelle mål som er satt for skolen og som gir bestemmelser om timeplan, faginnhold, arbeidsmåter og vurdering” (sitert i Engelsen, 2003, s. 15).

2.2 Goodlad, Klein & Tye sine læreplannivå

I forbindelse med prosjektet “A study of Schooling in the United States”, der John I. Goodlad, M. Frances Klein og Kenneth A. Tye studerte læreplanpraksis, kategoriserer dei fem ulike læreplannivå (Goodlad, Klein & Tye, 1979, s. 59-60). Dei fem læreplannivåa er den ideologiske, den formelle, den oppfatta, den operasjonaliserte og den erfarte. Goodlad et al. understreker at samanlikning av korleis ideane vert behandla på dei forskjellige læreplannivåa og korleis forskjellane oppstår, vil vera av stor interesse for blant anna lærarar og utviklarane av læreplanane (1979).

2.2.1 Den ideologiske læreplanen

Den ideelle læreplanen oppstår frå ideologiske planleggingsprosesser. Dette handlar om kva politiske og filosofiske idear samfunnet ynskjer å fremja, ikkje korleis læreplanen vert implementert (Goodlad et al., 1979, s. 60). “Det er imidlertid vanskelig å få rede på kva som egentlig er det ideologiske utgangspunktet for en læreplan, for vi vil vanligvis bare kjenne læreplanen etter at den er ferdig utformet” forklarar Gunn Imsen (2009, s. 195).

2.2.2 Den formelle læreplanen

Den formelle læreplanen er ein offisiell læreplan som er godkjent av staten. Det er denne som dannar ramma for skulen- og lærarane si verksemd. Mønsterplanen av 1987 (M87), Læreplanverket for den 10-årige grunnskulen (L97) og LK06 er eksempel på formelle

læreplaner i Norge. Den formelle læreplanen er oftast i form av ei bok eller eit dokument som offentlegheita får innsyn i (Imsen, 2009). Goodlad et al. poengterer at det vanlegvis er her samfunnet sine interesser kjem fram (1979, s. 61).

2.2.3 Den oppfatta læreplanen

Den oppfatta læreplanen er eit individ sin persepsjon av den formelle læreplanen. Goodlad et al. påpeiker at dette ikkje nødvendigvis er det same som den formelle, og at forskjellige personar har ulik persepsjon av den (1979). Lokale læreplanar vert utvikla innan den oppfatta læreplanen (Engelsen, 2006). Når eg i undersøkinga mi drøfter datamaterialet frå lærarane, så vil dette representere deira oppfatta læreplan. Gunn Imsen skriv at den formelle læreplanen ofte er eit produkt av ulike interesser, og den kan difor bera preg av kompromiss mellom ulike standpunkt (2009). Dette fører til at den formelle læreplanen gir rom for ulik tolking, og at det difor kan vera stor forskjell på korleis lærarar oppfattar læreplanen (Imsen, 2009).

2.2.4 Den operasjonaliserte læreplanen

Den operasjonaliserte læreplanen eller den gjennomførde læreplanen er det som føregår i klasseromma eller i ein kvar undervisningssituasjon. Ein lærar har få tilbakemeldingar på undervisninga si og er relativt skjerma mot innsyn. Dette bidrar til at det kan vera store avvik mellom læraren si oppfatning av læreplanen og gjennomføringa av den (Goodlad et al., 1979, s. 62-63). Goodlad et al. forklarar at òg dette læreplannivået er knytt til kvar og einskild sin persepsjon (1979). Læreplannivået eksisterer i augo til den som ser (Goodlad et al., 1979).

2.2.5 Den erfarte læreplanen

Kva er elevane sine erfaringar og opplevingar av undervisninga? Goodlad et al. skriver (1979, s. 63-64, mi omsetjing frå engelsk):

Om det er vanskeleg å få pålitelege data om den operasjonaliserte læreplanen så er data angående den erfarte enno vanskelegare. Visuell observasjon gir oss lite, om nokon, informasjon om dei kognitive prosessane hjå elevane. Å stille spørsmål reiser store validitetsproblem. Stoler elevane nok på læraren eller observatøren til å svare seriøst? Kan me stola på svara dei gir? Dersom svara gir ei viss innsikt i kva som tilsynelatande vert oppfatta av elevane, kva forskjell vil det gjere seinare?

I undersøkinga mi er hovudfokuset på den erfarte læreplanen, kva erfarer elevane i kroppsoving og korleis oppfattar dei undervisninga?

2.3 Kunnskapsløftet

Kunnskapsløftet er i dag læreplanen i norske skular og vert i Goodlad et al. sin terminologi ein formell læreplan (1979). Kunnskapsløftet vart innført frå hausten 2006 og var den fyrste reforma i norsk skulehistorie som omfatta heile grunnopplæringa. Grunnopplæringa består av både grunnskule og vidaregåande opplæring (Lyngsnes & Rismark, 2007). Læreplanverket for Kunnskapsløftet består av fire delar; læreplanen sin generelle del, prinsipp for opplæringa, fag- og timefordeling og læreplanar for faga (Lyngsnes & Rismark, 2007). Læreplanen i kroppsøving er svært sentral i mi oppgåve, og eg vil difor utdjupe den her. Presentasjonen må sjåast i samanheng med den som fortel, difor blir utdjupinga i ei viss grad min oppfatta læreplan.

2.3.1 Læreplanen i kroppsøving

Læreplanen i kroppsøving er seksdelt. Den består av føremål med faget, hovudområder-, grunnleggjande ferdigheter -, kompetansemål-, vurdering- og timetal i faget

2.3.1.1 Føremålet med faget

I føremålet med faget vert faget si allmenndannande rolle spesielt teke fram. Faget skal inspirere til ein fysisk aktiv livsstil og ei livslang rørsleglede (Utdanningsdirektoratet, 2012a). På bakgrunn av forskning innan pedagogikk, filosofi og læringsforskning trekk Ommundsen fram motorisk læring og dugleik som viktige aspekt ved dei unge si allmenndanning og personligdomsutvikling i skulen (Ommundsen, 2013). Vidare står det i LK06 (Utdanningsdirektoratet, 2012a):

Kroppsøving skal medverke til at elevane opplever glede, meistring og inspirasjon ved å vere med i ulike aktivitetar og i aktivitet saman med andre. Faget skal bidra til at barn og unge utviklar sjølvkjensle, positiv oppfatning av kroppen, sjølvforståing og identitetskjensle. (...) Elevane skal utvikle kompetanse gjennom eit breitt utval av lek og aktivitetsformer, utvikle allsidigheit og lære å praktisere og verdsetje ferdsel og opphald i naturen. I faget skal elevane tileigne seg kunnskap om trening, livsstil og helse og bli motivert til aktivitet og trening. (...) Opplæringa skal gje elevane eit utgangspunkt for livslang rørsleglede og meistring ut frå egne føresetnader.

2.3.1.2 Hovudområder i faget

“Faget er strukturert i hovudområde som det er formulert kompetansemål for. Hovudområda skal utfylle kvarandre og må sjåast i samanheng” (Utdanningsdirektoratet, 2012b).

Hovudområda er inndelt etter årstrinn, sjå tabell 1.

Tabell 1 Hovudområda i kroppsøving

Årssteg	Hovudområde		
1.–4.	Aktivitet i ulike rørslemiljø		
5.–7.	Idrettsaktivitet	Friluftsliv	
8.–10.	Idrettsaktivitet	Friluftsliv	Trening og livsstil
Vg1–Vg3	Idrettsaktivitet	Friluftsliv	Trening og livsstil

(udir.no)

- Aktivitet i ulike rørslemiljø: Hovudområde omfattar utvikling og automatisering av naturlege, grunnleggjande rørsler i ulike miljø. Det inneber òg grunnleggjande kunnskap om kropp og personleg hygiene (Utdanningsdirektoratet, 2012b).
- Idrettsaktivitet:

Hovudområdet idrettsaktivitet omfattar eit breitt utval av idrettar, dansar og alternative rørsleaktivitetar. Det skal leggjast vekt på rørsleleik, og på skapande og utøvande aktivitet tilpassa føresetnadene hos elevane. Utvalet vil variere med lokale forhold og individuelle interesser. Deltaking i og framføring av dansar, både eigenproduserte dansar og dansar frå ulike kulturar, mellom anna frå ungdomskulturane, er ein del av det. Organisert aktivitet, fri aktivitet og eksperimentering står sentralt som aktivitetsområde. Dessutan er fair play og felles reglar ein viktig del av faget (Utdanningsdirektoratet, 2012b).
- Friluftsliv: Under dette hovudområdet skal elevane tileigna seg dugleikar og kunnskap som er naudsynt for å ferdast i naturen. Lokale tradisjonar, kunnskap om nærmiljø og orientering står sentralt (Brattenborg & Engebretsen, 2007).
- Trening og livsstil

Hovudområdet trening og livsstil omfattar korleis ulike aktivitetar kan påverke helsa hos den enkelte. Samanhengar mellom aktivitet og livsstil, baserte på interesser og meistring hos den einskilde, er sentrale emne på dette området. Det skal òg leggjast vekt på kunnskap, erfaring og refleksjon for å gjennomføre ulike aktivitetsformer og eigentrening som grunnlag for ein aktiv livsstil, og ta omsyn til egne og andre sine føresetnader. Korleis ein kan drive helsefremjande aktivitet og arbeide ergonomisk rett, er òg viktige emne (Utdanningsdirektoratet, 2012b).

2.3.1.3 Kompetansemål og grunnleggjande ferdigheter i faget

Kompetansemåla i kroppsøving er delt inn etter klassetrinn. Me finn kompetansemåla etter trinna: 4., 7. og 10. i tillegg er det kompetansemål etter vg1, vg2 og vg3. I likskap med andre fag skal kompetansemåla sjåast i samanheng med dei grunnleggjande dugleikane og føremålet med faget. Dei grunnleggjande dugleikane i kroppsøving er (Brattenborg & Engebretsen, 2007), (Kunnskapsdepartementet, 2012):

- ▶ munnlege dugleikar
- ▶ å kunne skrive
- ▶ å kunne lese
- ▶ å kunne rekne
- ▶ digitale dugleikar

2.4 Legitimering av kroppsøvingsfaget

Legitimering kjem av ordet «legitim», som stemmer med gjeldande lov, lovlig, rettmessig (Sterri, 2014). Legitimering av eit fag handlar om korleis ein rettferdiggjær faget i skulen. I kroppsøving er dette ein diskusjon der ein finn mange ulike synspunkt. Denne diskusjonen er i det Goodlad et al. kallar for det ideologiske læreplannivået (1979).

Ved innføringa av den nye læreplanen i 2006 vert relativt dårlege resultat frå PISA-undersøkingane nytta som alibi for styrkinga av kunnskapskulen. Ein ville betra resultatene i kjernefaga matematikk, språk og naturfag. Dette for å hindre at kroppsøvingsfaget skulle bli ein salderingspost for denne satsinga vart det viktig å fremja gode argument for kroppsøvingsfaget. Her vart helseargumentet nytta for å legitimera faget. Helseargumenta omhandla blant anna førebygging av inaktivitet. Fysisk inaktivitet var identifisert som ein sjølvstendig risikofaktor for hjerte og karsjukdommar, samt fleire andre helserelevante sjukdommar og tilstandar. Det å nytta helseargument for å grunnje faget var for så vidt ikkje noko nytt, men gjennom kunnskapsløftet og fokus på helsefremjande atferd og livsstil, vart dette no forsterka (Ommundsen, 2008, s. 194). Ommundsen skriv vidare (2008, s. 195):

Et slikt fornyet og forsterket fokus på helse som grunnlag for fagets eksistensberettigelse i skolen vil kunne bidra til å svekke fagets plass og funksjon i skolen på lang sikt. Det skyldes at en instrumentalistisk helsebegrunnelse for faget eller en legitimering av faget som verdifullt med tanke å mestre teoretiske skolefag og som rekreasjon bidrar til å fjerne oppmerksomheten fra fagets egenart og allmenndannende egenverdi.

I Peter J. Arnold sin modell for kroppsøving (*The three-dimensional model of the movement curriculum*) vert kroppsøving delt inn i tre dimensjonar. Læring om bevegelse (*education about movement*), læring i bevegelse (*education in movement*) og læring gjennom bevegelse (*education through movement*) (Arnold, 1991). Modellen er ei forklaring av korleis Arnold oppfattar læreplanen, og eg vil i oppgåva mi støtte meg på hans tankar knytt til kroppsøving.

- ▶ Læring om bevegelse handlar om teoritisk læring. Det har ikkje ei stor rolle i LK06, men det har eit gradvis aukande innslag i årstrinna fram til og med vidaregåande skule.
- ▶ Læring i bevegelse er faget sin eigenart og står sterkt i LK06. Arnold meiner at dette bør vera faget si primære legitimering (Arnold, 1991).
- ▶ Læring gjennom bevegelse er læring der faget vert nytta til å lære noko ut over faget sitt eige område (Ommundsen, 2008). Her plasserer Arnold helseaspektet. Han meiner at det er eit ønskjeleg aspekt, men ikkje lærerikt. Vidare skriv han at skulen som institusjon er eller bør vera delvis ansvarleg for barn og unge si helse, men at ein her må vera forsiktig for at det ikkje skal undergrave faget sin eigenart (Arnold, 1991).

Rettleiinga til læreplan i kroppsøving (LK06) trekk fram både læring i bevegelse og læring gjennom bevegelse. “Kompetansen i faget er i hovudsak basert på læring i og gjennom bevegelsesaktiviteter, og den er ofte nært knyttet til den enkeltes kroppslighet og erfaring” (Utdanningsdirektoratet, 2012c)

2.5 Kroppsøvingsundervisning i perspektiv av kjønn og idrettsbakgrunn

I Opplæringslova (1998) §1-3, som handlar om tilpassa opplæring og tidleg innsats, heiter det at opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadane hjå den enskilde eleven. Ifølgje Gunn Imsen har gutar og jenter forskjellige erfaringar og interesser i kroppsøving (1996). I ei forskingsbasert evaluering av grunnskulen sitt arbeid for likestilling, fann Imsen ut at dans og drama vart best likt av jentene og dårligast av gutane. Dans og drama var òg det elevane i 8. klasse (samsvarande til 9. trinn etter Læreplanen frå 1997, L97) rapporterte at det blei brukt minst tid på (Imsen, 1996). Imsen summerer (1996, s. 51):

Det er ikke grunnlag for å si at jentene misliker faget kroppsøving. Men en kan trygt si at de fleste av de aktivitetene som jentene liker, de liker guttene bedre, og det brukes relativt mye tid på dem. De aktivitetene som guttene misliker er samtidig aktiviteter som jenter liker, og det brukes nesten ikke tid på dem.

Brattenborg og Engebretsen poengterer at dette er viktig kunnskap for kroppsøvingslærarar som må få konsekvensar i læraren sin praksis (2007).

Fleire studiar viser at det er samanheng mellom elevar sin fysiske aktivitet og kor helsebeviste dei er (Wold, 1991; Gratton & Tice, 1989). “En måte å se dette på er at fysisk aktivitet og kroppsbruk øker elevenes helsebevissthet og gir føringer på andre helserelaterte vaner og oppmuntrer til en helsepositiv livsstil” forklarer Ilse Hartmann (sitert i Ommundsen, 1995, s. 49). Susan C. Duncan skriver (sitert i Ommundsen, 1995, s. 50):

Det kan se ut som om kroppsøvingsfaget bidrar med en forsterkning av interessen for fysisk aktivitet og idrett, blant allerede idrettsaktive og idrettsflinke gutter, mens faget i mindre grad gir et tilstrekkelig stimulerende tilbud til de mindre prestasjonsflinke og de som i mindre grad er fysisk aktive i fritiden og spesielt jenter.

2.6 Tidlegare forskning

Skolefagsundersøkelsen 2011 er ein nasjonal kartleggingssurvey for dei praktiske og estetiske faga på steg 1-7 (Arnesen & Aadland, 2013). Undersøkinga har 173 respondentar på kroppsøvingsdelen, der svarar dei på spørsmål knytt til kompetanse, fagsyn, oppleving av læreplan, organisering, arbeidsmåtar, innhald og rammefaktorar i faget (Arnesen & Aadland, 2013). I mi undersøking har eg nytta meg av sju påstandar som vart utvikla i samband med denne undersøkinga. Påstandane handlar om kroppsøvingslærarane sitt fagsyn.

“Spørjeskjemaet vart utforma for å gje eit breitt bilete av kroppsøvingsfaget på steg 1-7, men det vil alltid vera dimensjonar som ikkje vert dekkja av ei slik undersøking” forklarer Arnesen & Aadland (2013, s. 31)

Ola Erik Heen Moe skreiv ei bacheloroppgåve ved Høgskolen i Hedmark med problemstillinga: «Kva er læringsutbytte i kroppsøving – og er dette i tråd med læreplanverket for kunnskapsløftet?» (Moe, 2013). Han utarbeidde eit spørjeskjema som fire klassar (studiespesialisering, VG3) frå to vidaregåande skular svara på. I oppgåva konkluderer Moe med at (2013, s. 3):

Læringsutbytte i kroppsøving virker å variere fra skole til skole. At store deler av elevene i undersøkelsen ikke kjenner til kompetansemålene kan vera en årsak til dette. Elevene legger vekt på helse og hvordan ulik aktivitet bidrar til bedre helse som formålet med faget, men de er noe usikre på om de har noe nytte av det de lærer senere i livet. Planlegging og gjennomføring av egentrening, lagspill og fair play virker å stå

sterkt, mens livredding, førstehjelp, friluftsliv og dans er mindre vektlagt. Det varierer også mye mellom skolene i undersøkelsen når det kommer til forståelsen av kroppsøvingsfaget som allmenndannende fag.

3.0 Metode

“Forskningsmetode er framgangsmåter og teknikker for å besvare vitenskapelige spørsmål og problemstillinger” (Ringdal, 2013, s. 17). I dette kapitlet vil eg skildra val av metode og mine tankar knytt til planlegging, gjennomføring og registrering av innsamla data.

3.1 Kvantitativ metode

Samfunnsvitskapen skil mellom kvalitativ og kvantitativ metode. Ein kvantitativ tilnærming er strukturert og systematisert. I motsetning til kvalitativ metode, som går i djupna, går kvantitativ metode i breidda med mål om å formidle forklaringar. Informasjonen som vert innsamla kan formast i målbare einingar. Slik kan ein vidare gjere statistiske analysar av dei (Dalland, 2007).

I mi undersøking har eg nytta kvantitativ metode då eg henta inn data. Med problemstillingane “*Den erfarte læreplanen - Kva fagstoff i læreplanen opplever elevane vert vektlagt i deira undervisning?*” og “*Kva fagstoff vektlegg lærarane og kva forskjellar finnes i forhold til elevane sin erfarte læreplan?*”, ynskjer eg å få informasjon om det generelle bilete elevane sit med, og korleis det stemmer overeins med den formelle læreplanen og lærarane sin oppfatta læreplanen. I praksis vil det vera umogleg å samanlikna noko med den formelle læreplanen, den vil vera knytt til min oppfatta læreplan og ikkje direkte til den formelle læreplanen. Det ville vore interessant å nytta metodetriangulering. Eg kunne då ha gjennomført kvalitative intervju i tillegg til den kvantitative spørjeundersøking. Men, med tanke på tid og storleiken på oppgåva, fann eg at den kvantitativ metoden var mest hensiktsmessig.

3.2 Utval

3.2.1 Elev utval

Utvalet for undersøkinga er eit 9.trinn på ein ungdomsskule på vestlandet. Trinnet består av 91 elevar fordelt på fire klassar. Bakgrunnen for dette valet er at eg sjølv har hatt alle klassane i praksis. Eg vonar at min kjennskap til elevane bidrar til at dei tek undersøkinga meir seriøst enn om eg gjennomførte den i ein vilkårleg klasse på ein vilkårleg skule. Jamfør Goodlad, kapittel 2.2.5. Alle dei 91 elevane har svara på spørjeskjemaet, undersøkinga vil difor vera representativ for det trinnet. Det kan hende at det hadde vore store forskjellar i frå klasse til klasse, men dette har eg ikkje sett på i undersøkinga. Eg meiner det er naturleg å tru at læraren er den mest avgjerande enkeltfaktor knytt til elevane sin oppleving av vektlegging i undervisninga.

Undersøkinga vart gjennomført på to dagar. Dette på grunn av at 26 elevar var på hospitering den fyrste dagen. Den aktuelle hospiteringa var på idrettslinja (23 elevar) og elektrofag (tre elevar). Dersom eg ikkje hadde fått med dei elevane ville resultatet vorte mindre representativt. Difor kom eg attende nokre dagar seinare for å få gjennomført undersøkinga på dei resterande elevane. Da fekk eg òg med nokre elevar som var sjuke den fyrste dagen.

3.2.2 Lærar utval

Spørjeskjemaet leverte eg òg til sju lærarar som underviste i faget ved skulen, av dei fekk eg seks igjen. Eit så lite utval vert ikkje representativt, men eg får ei viss innsikt i kva lærarane på skulen meiner at dei legg vekt på i undervisninga.

3.3 Utvikling av spørjeskjema

I utviklinga av spørjeskjema nytta eg meg av nokre utsegn frå kroppsøvdingsdelen i Skolefagsundersøkelsen 2011 (Arnesen & Aadland, 2013). Som tidlegare nemnt, var det ein nasjonal kartleggingssurvey på steg 1-7. For at utsegna i spørjeskjema skal omfatte alle hovudområda i faget på ungdomsskulen, la eg til eit utsegn. Eg har òg gjort nokre endringar av utsegna som vart nytta der. Dette for at elevane lettare skulle forstå dei. Som nemnd i innleiinga vert det umogleg å innlemme alle dimensjonane i eit fag ved hjelp av ei handfull påstandar. Dei avgrensingane det gir, og det faktum at påstandane representerer min oppfatta læreplan, må difor takast i betraktning.

3.3.1 Påstandane i spørjeskjemaet

Spørjeskjemaet mitt består av ni påstandar. Åtte av dei er utarbeida frå påstandane knytt til fagsyn i Skolefagsundersøkelsen 2011. Den siste har eg laga på bakgrunn av LK06 og min oppfatta læreplan (Arnesen & Aadland, 2013). Dei ni påstandane er som følgjer:

- 1) *Eg opplever at grunntrening (uthald, styrke, spenst, beveglighet og hurtighet) er det viktigaste i faget.*

Påstanden omfattar sentrale sider under føremål med faget i LK06. “Faget skal gje elevane fysiske utfordringar og mot til å tøyje eigne grenser, i både spontan og organisert aktivitet. (...) Opplæringa skal gje elevane eit utgangspunkt for livslang rørsleglede og meistring ut frå eigne føresetnader.” (Utdanningsdirektoratet, 2012a). Påstanden kan òg sjåast i forhold til Arnold sine tre dimensjonar. Gjennom grunntrening lærer elevane i bevegelse. Forklarer læraren korleis og kvifor, så vil elevane òg lære om bevegelse. Grunntrening kan òg koplust mot helseaspektet som Arnold plasserte i læring gjennom bevegelse (1991).

2) *Eg opplever at det viktigaste i faget er å få elevane i god form for å fremja betre helse.*

Påstanden er tett knytt til argumenta om helse som var ein sentral diskusjon i den ideologiske læreplan i førekant av, den formelle læreplanen, LK06. Arnold legg som nemnt helseaspektet i dimensjonen læring gjennom bevegelse, altså læring av noko utover faget sin eigenart (1991). Påstanden vil gi meg informasjon om elevane opplever at det vert vektlagt i deira undervisninga.

3) *Eg opplever at konkurransar, der elevane får visa kor gode dei er i idrett, er det viktigaste i faget.*

Konkurransar vert ikkje nemnt under føremålet med faget i LK06, men det er på ingen måte eit lurespørsmål av den grunn. I rundskrivet til den reviderte læreplanen vert elevane sin relative forbetring sett fokus på (Kunnskapsdepartementet, 2012). I den samanhengen vil konkurransar der elevane konkurrerer mot seg sjølv vera relevant. Mange av aktivitetane i faget har òg konkurranseelementet i seg (Arnesen & Aadland, 2013).

4) *Eg opplever at leikprega aktivitetar, der gleden av å vera i bevegelse i eit sosialt fellesskap står i sentrum, er det viktigaste i faget.*

I føremålet med faget står det blant anna (Utdanningsdirektoratet, 2012a):

Det sosiale aspektet ved fysisk aktivitet gjer kroppsøving til ein viktig arena for å fremje fair play og respekt for kvarandre. Kroppsøving skal medverke til at elevane opplever glede, meistring og inspirasjon ved å vera med i ulike aktivitetar og i aktivitet saman med andre.

LK06 trekker fram det sosiale aspektet på bakgrunn av fagets eigenart. Eg meiner difor at påstanden kan sjåast i lys av både læring i bevegelse og læring gjennom bevegelse, der Arnold plasserer det sosiale aspektet (1991).

5) *Eg opplever at det viktigaste med kroppsøvingfaget er at det bidrar til utvikling av heile mennesket (sosialt, fysisk og psykisk).*

Knytt til omgrepet allmenndanning skriv Ommundsen at unge treng velutvikla fysisk-, motoriske-, sosiale- og mentale dugleikar på lik linje med gode dugleikar innan lesing, skriving og rekning (2013). Påstanden kan òg sjåast i lys av Arnold sine omgrep, læring i bevegelse og læring gjennom bevegelse. I bevegelse får elevane utviklar sine fysiske

dugleikar. Gjennom bevegelse vert sosiale og psykiske dugleikar som samarbeid, fair play, toleranse, det å presse grenser og å utvikle eit godt sjølvbilete gjennom meistring. I føremålet med faget i LK06 står det mellom anna at faget skal bidra til utvikling av sjølvkjensle, positiv oppfatning av kroppen, sjølvforståing og identitetskjensle (Utdanningsdirektoratet, 2012a).

6) *Eg opplever at læring av bevegelsar, ferdigheter og teknikkar i idrettar og kvardagsliv er det viktigaste i faget.*

Påstanden er meint å omfatte viktige aspekt i det Arnold kallar læring i bevegelse. Aspekta omfattar grunnleggjande tekniske dugleikar (*pre-requisite skills*), kontekstuelle dugleikar / dugleikar brukt fornuftig i ein samanheng eller aktivitet (*contextual skills*) og ekspressive dugleikar (*expressive skills*) (Arnold, 1991). Komarine Romdenh-Romluc skriv (sitert i Ommundsen, 2013, s. 159):

(...) elevene erfarer og er i verden gjennom kroppslig bevegelse, og de kan utvikle og foredle sin bevegelsesmessige kompetanse og ferdighet gjennom opplæring som stimulerer deres allmenne motorikk og evne til å koordinere enkle og komplekse bevegelsesmønstre (Romdenh-Romluc 2011). Det innebærer at de må utfordres gjennom varierte og grunnleggende (balansere, hoppe, rulle, klatre, løpe, kaste osv.), og mer aktivitetsspesifikke (svømme, skate, spille ball, danse, padle osv.) bevegelsesformer i tid og rom og ulike fysiske kontekster.

7) *Eg opplever at det å utforske, skape og finne på bevegelsar (kroppslig kreativitet) er det viktigaste i faget.*

Kroppslig kreativitet har ei lita rolle under føremålet med faget. Der står det (Utdanningsdirektoratet, 2012a):

Opplæringa i kroppsøving skal ta vare på både tradisjonelle og alternative rørsleaktivitetar i faget og stimulere til eksperimentering og kreativ utfolding. Sentralt i faget står rørsleleik, allsidig idrett, fair play, dans og friluftsliv.

Påstanden kan òg koplust til læring i bevegelse og det Arnold kallar for ekspressive dugleikar (1991).

8) *Eg opplever at det å utvikle stilfulle, vakre, stemningsfulle og kule bevegelsar (kroppslig estetikk) er det viktigaste i faget.*

Kroppslig estetikk vert i likskap med konkurransar ikkje trekt fram i føremålet med faget, men som Arnesen og Aadland poengterer så har mange av aktivitetane i faget det aspektet i seg (2013). Difor har eg i likskap med Skolefagsundersøkelsen 2011 dette aspektet med i undersøkinga mi. Arnold sin dimensjon læring i bevegelse, med vekt på grunnleggjande tekniske dugleikar og ekspressive dugleikar ligg òg tett knytt til påstanden.

9) *Eg opplever at det viktigaste i faget er at elevane skal lære korleis ulike aktivitetar kan påverke helsa og korleis dei kan driva med helsefremjande aktivitetar.*

Denne påstanden er meint å inkludere sentrale sider ved hovudområdet trening og livsstil. I LK06 står det “Hovudområdet trening og livsstil omfattar korleis ulike aktivitetar kan påverke helsa hos den enkelte. (...) Korleis ein kan drive helsefremjande aktivitet og arbeide ergonomisk rett, er òg viktige emne.” (Utdanningsdirektoratet, 2012b). Påstanden inkluderer både læring om bevegelse og moment knytt til helsedebatten. I denne samanhengen er ikkje helsefokuset på å få elevane i god form, men derimot eigenverdien i kunnskapen om korleis ein kan driva med aktivitetar som fremjar helsa.

3.4 Validitet

Validitet eller gyldighet handlar om i kvar grad me har dekning for våre fortolkingar av funn og resultat (Postholm & Jacobsen, 2011). Eit sentralt spørsmål knytt til validitet, er om undersøkinga undersøker det den seier at den skal. I mi undersøking er spørsmåla/utsegna som nemnt i stor grad henta frå Skolefagsundersøkelsen 2011 (Arnesen & Aadland, 2013). Dette er med på å styrke validiteten i studiet. At alle påstandane i undersøkinga har fleire dimensjonar i seg, er derimot noko som svekkar validiteten. Eit anna usikkerhetsmoment er om elevane har forstått spørsmåla. Ein mogleg misoppfatning kan vera at elevane svarer kva dei sjølv meiner. I møte med elevane har eg difor poengtert at dei skal svara kva dei opplever at læraren legg vekt på, ikkje kva dei sjølv synes eller trur er viktig i faget.

Som nemnt så har eg berre nytta kvantitativ metode i undersøkinga, dersom eg hadde gjennomført kvalitative intervju blant eit representativt utval av respondentane kunne det ha styrka validiteten.

3.5 Reliabilitet

Reliabilitet handlar om kor nøyaktige målingane og operasjonane i datainnsamling- og registreringsprosessen er gjennomført (Johannessen, Tufte & Christoffersen, 2010). I mi undersøking er det eg som har vore rundt i klassane og gjennomførte dei. Eg har då informert

elevane om undersøkinga, i tillegg til at eg har hatt høve til å hindre misforståingar og feiltolkingar av spørsmåla. Datamaterialet i undersøkinga er det eg som har handtert.

Fred Wenstøp forklarar at ein viktig faktor knytt til reliabilitet er om me hadde fått same resultat dersom undersøkinga vart gjennomført på nytt (2009). Eg vurderer reliabiliteten i undersøkinga for å vera høg.

3.6 Statistiske analysar

I framstillinga av datamaterialet har eg nytta to forskjellige dataprogram, IBM SPSS for å gjer statistiske analysar av funna og Microsoft Excel for å presentere dei. Analysane eg har nytta er frekvens, gjennomsnitt, t-test og korrelasjon.

T-test er ein statistisk test utvikla av William Sealy Gosset i år 1908 (Wenstøp, 2009). Testen vert nytta til å finna ut om gjennomsnitta i ulike grupper er signifikant forskjellige frå kvarandre (Johannessen, 2007). Dersom det for eksempel var stor forskjell mellom kva gutar og jenter svarer på eit spørsmål, kan eg ikkje utan vidare konkludera med at det er slik. I den samanhengen nytta eg t-testen, den fortel om forskjellen er statistisk signifikant.

“Signifikansnivå er den maksimale sannsynlighet for å forkaste en nullhypotese som er riktig. Den fastsettes av oss og gir uttrykk for vår grad av ulyst til å gjøre en slik feil. Jo mindre lyst, jo lavere signifikansnivå. Det er vanlig å bruke 5%.” (Wenstøp, 2009, s. 151). Når eg skal analysere og drøfte mine data nyttar eg eit signifikansnivå på 5%. Resultat med eit signifikansnivå på mindre enn 5% (0.05) vil eg då vurdere som statistisk signifikant.

Korrelasjon er eit mål på samvariasjonen til fleire variablar (Wenstøp, 2009). Ein finn mange former for samvariasjon, i mi oppgåve nyttar eg Pearsons korrelasjonskoeffisient som er eit mål på den lineære samvariasjonen mellom to variablar (Wenstøp, 2009).

4.0 Resultat og drøfting

Eg vil i dette kapittelet trekkja fram og drøfte dei mest sentrale funna i undersøkinga. Dette er med bakgrunn i kva eg meiner er viktigast i forhold til mi problemstilling. Fyrst vil eg presentera og drøfta, elevane sin erfarte læreplan og lærarane sin oppfatta læreplan. Deretter vil eg sjå på forskjellar i lys av kjønn, elevane sin idrettsbakgrunn og karakter. Sjå vedlegg 3b, 3c og 4b for ei fullstendig oversikt av kva utvalet mitt har svart. Ettersom drøftinga vil hengja nøye i saman med datamateriellet som vert presentert her, vel eg å drøfta undervegs i kapittelet.

4.1 Rangering av påstandane i undersøkinga

I undersøkinga rangerte elevane og lærarane kvar av påstandane på ein skala frå 1-6 (1=svært ueinig, 2= ueinig, 3=nokså ueinig, 4=nokså einig, 5=einig og 6=svært einig). Tabell 2 viser den gjennomsnittlege talverdien på kvar av påstandane.

4.1.1 Den erfarte læreplan

Tabell 2: Rangering av påstandane på ein skala frå 1-6 der 1 er svært ueinig og 6 er svært einig. Sjå vedlegg 5 for deskriptiv SPSS-utskrift.

	Påstandar	Gjennomsnitt	Standaravvik
1.	Eg opplever at det viktigaste med kroppsøvningsfaget er at det bidrar til utvikling av heile mennesket (sosialt, fysisk og psykisk).	4.33	1.071
2.	Eg opplever at grunntrening (uthald, styrke, spenst, beveglegheit og hurtighet) er det viktigaste i faget.	4.25	1.039
3.	Eg opplever at det viktigaste i faget er at elevane skal lære korleis ulike aktivitetar kan påverke helsa og korleis dei kan driva med helsefremjande aktivitetar.	4.19	1.290
4.	Eg opplever at læring av bevegelser, ferdigheter og teknikkar i idrettar og kvardagsliv er det viktigaste i faget.	4.16	1.242
5.	Eg opplever at det viktigaste i faget er å få elevane i god form for å fremja betre helse.	4.16	1.217
6.	Eg opplever at leikprega aktivitetar, der gleden av å vera i bevegelse i eit sosialt fellesskap står i sentrum, er det viktigaste i faget.	3.85	1.437
7.	Eg opplever at konkurransar, der elevane får visa kor gode dei er i idrett, er det viktigaste i faget.	3.43	1.446
8.	Eg opplever at det å utforske, skape og finne på bevegelser (kroppsleg kreativitet) er det viktigaste i faget.	3.20	1.195
9.	Eg opplever at det å utvikle stilfulle, vakre, stemningsfulle og kule bevegelser (kroppsleg estetikk) er det viktigaste i faget.	2.53	1.168

«Kollona lengst til høgre viser standaravviket i kvar påstand.»

4.1.2 Den oppfatta læreplan og forholdet til den erfarte læreplanen

Kroppsøvlingslærarane ved den aktuelle skulen fekk utdelt eit tilsvarande skjema som det elevane fekk. Den einaste forskjellen er at formuleringa «Eg opplever at» vart fjerna. seks av sju skjema vart levert tilbake og tabell 3 viser korleis dei rangerer påstandane.

Tabell 3: Kva meiner lærarane og korleis samsvarer det med elevane?

	Påstandar	Lærarar	Elevar	T-test Sig.2-tailed. p=
1.	Det viktigaste i faget er at elevane skal lære korleis ulike aktivitetar kan påverke helsa og korleis dei kan driva med helsefremjande aktivitetar.	5.33 (1)	4.19 (3)	0,034
2.	Det viktigaste med kroppsøvlingsfaget er at det bidrar til utvikling av heile mennesket (sosialt, fysisk og psykisk).	5.00 (2)	4.33 (1)	0.140
3.	Leikprega aktivitetar, der gleda av å vera i bevegelse i eit sosialt fellesskap står i sentrum, er det viktigaste i faget.	4.50 (3)	3.85 (6)	0.275
4.	Læring av bevegelsar, ferdighetar og teknikkar i idrettar og kvardagsliv er det viktigaste i faget.	4.17 (4)	4.16 (4)	0.986
5.	Det viktigaste i faget er å få elevane i god form for å fremja betre helse.	4.17 (4)	4.16 (5)	0.982
6.	Grunntrening (uthald, styrke, spenst, beveglegheit og hurtighet) er det viktigaste i faget.	3.83 (6)	4.25 (2)	0.334
7.	Å utforske, skape og finne på bevegelsar (kroppsleg kreativitet) er det viktigaste i faget.	3.17 (7)	3.20 (8)	0.950
8.	Konkurransar, der elevane får visa kor gode dei er i idrett, er det viktigaste i faget.	2.50 (8)	3.43 (7)	0.124
9.	Å utvikle stilfulle, vakre, stemningsfulle og kule bevegelsar (kroppsleg estetikk) er det viktigaste i faget.	1.83 (9)	2.53 (9)	0.152

«Resultatet viser korleis lærarane rangerte påstandane i forhold til elevane. Tala i parentes viser kva plassering påstanden har i gruppa når eg rangerer dei frå høg til lav. Kollona lengst til høgre viser p-verdi (kor stor sjansen er for at forskjellen er tilfeldig) ved ein t-test. Sjå vedlegg 6 for SPSS-utskrift av t-testen.»

4.1.3 Drøfting

- 1) *Eg opplever at det viktigaste med kroppsøvlingsfaget er at det bidrar til utvikling av heile mennesket (sosialt, fysisk og psykisk).*

Resultatet viser at i elevane sin erfarte læreplan er dette den påstanden som dei opplev at vert mest vektlagt. Elevane er i overkant av «nokså einig» i denne påstanden. Påstanden er som nemnt i kapittel 3.3.1 knytt til sentrale sider ved det Ommundsens skriver om allmenndanning (Ommundsen, 2013). Føremålet med faget i LK06, læring i bevegelse og læring gjennom bevegelse som er to av dimensjonane i Arnold sin modell for kroppsøving er òg sentralt (Utdanningsdirektoratet, 2012a; Arnold, 1991). Resultatet kan tyde på at elevane har forståing av at det er mange aspekt i faget som kroppsøvingslæraren ynskjer å fremja.

Læraren rangerer påstanden som den nest viktigaste. Gjennomsnittet viser at dei er akkurat «einige» i at denne påstanden, den har difor ei betydeleg rolle i lærarane sin oppfatta læreplan. Det er ingen statistisk signifikante forskjellar mellom svara til elevane og lærarane. Dette tyder på at forskjellane mellom den oppfatta læreplanen og den erfarte læreplanen er små.

2) *Eg opplever at grunntrening (uthald, styrke, spenst, beveglighet og hurtighet) er det viktigaste i faget.*

I elevane sin erfarte læreplan vert denne påstanden rangert som nummer to. Forskjellane mellom dei fem påstandane som elevane rangerer høgast, er i midlertidig svært små. Elevane er i overkant av «nokså einig» i denne påstanden.

Læraren rangerer ikkje påstanden like høgt som elevane. Dei er i underkant av «nokså einig» i påstanden. Den relative forskjellen er difor ikkje særleg stor (0.42), men dersom me ser på plasseringa den har hjå lærarane er det her større sprik. Lærarane rangerer påstanden som den sjette viktigaste (elevane nest viktigast). Sjølv om det heller ikkje her er statistisk signifikante forskjellar kan me slå fast at det er større forskjellar mellom den erfarte læreplanen og den oppfatta læreplanen. Ein mogleg forklaring til forskjellen kan vera at dersom ein lærar nyttar «grunntrening» som verktøy eller arbeidsmåte for å fremja andre aspekt som samarbeid, fair-play, lek eller anna, så er det tvilsamt at elevane forstår det med mindre det vert tydeleg kommuniserer med elevane.

3) *Eg opplever at det viktigaste i faget er at elevane skal lære korleis ulike aktivitetar kan påverke helsa og korleis dei kan driva med helsefremjande aktivitetar.*

Resultatet viser at i elevane sin erfarte læreplan, er dette den påstanden som dei opplever at vert tredje mest vektlagt. Òg denne påstanden er elevane i overkant av «nokså einig» i. Hovudområdet trening og livsstil er som nemnt nytt for elevane på ungdomsskulen, og det er på bakgrunn av det hovudområdet samt Arnold sitt omgrep «læring om bevegelse» at

påstanden er utforma. Eg finner det då positivt at elevane som berre er litt over halvvegs gjennom ungdomsskulen rangerer denne påstanden så høgt.

Lærarane rangerer denne påstanden som den viktigaste. Gjennomsnittet viser at dei er i overkant av «einig» i påstanden. Av dei dimensjonane i kroppsøvingfaget som mine ni påstandar innlemmar, vert dette påstanden som er nærmast lærarane sin oppfatta læreplan. Dette er den einaste påstanden som har ein statistisk signifikant skilnad mellom elevane og lærarane. Lærarane rangerer påstanden signifikant ($p=0.034$)¹ høgare enn det elevane opplever at dei gjer. Ei mogleg forklaring på dette kan vera at medan dei fleste påstandane inneheld små element frå LK06, så er det gjerne litt for tydeleg at denne refererer til eitt av tre hovudområder i kroppsøvinga på ungdomsskulen. Det kan difor hende at den vert vurdert relativt høgare blant lærarane på grunn av at den representerer ein relativt stor del av læreplanen i kroppsøving.

4) *Eg opplever at læring av bevegelsar, ferdigheter og teknikkar i idrettar og kvardagsliv er det viktigaste i faget.*

I elevane sin erfarte læreplan, vert denne påstanden rangert som nummer fire. Elevane er i overkant av «nokså einig» i påstanden. Den erfarte læreplanen tyder på at Arnold sine aspekt innan læring i bevegelse (grunnleggjande tekniske ferdigheter, kontekstuelle ferdigheter/ferdigheter brukt fornuftig i ein samanheng eller aktivitet og ekspressive ferdigheter) vert formidla gjennom den operasjonaliserte læreplanen.

Lærarane sin oppfatta læreplan svarer òg svært godt med den erfarte læreplanen. Lærarane rangerer påstanden like høgt som elevane, dei er «nokså einig» i påstanden. I likskap med elevane, rangerer også lærarane påstanden på ein (delt) fjerde plass.

5) *Eg opplever at det viktigaste i faget er å få elevane i god form for å fremja betre helse.*

Dette er den siste av fem påstandar som alle er rangerte til litt i overkant av «nokså einig» blant elevane. Denne påstanden kjem på ein marginal femte plass. Det er tydeleg at helsefokuset ikkje berre vert nytta i den ideologiske læreplanen for å påverka utviklarane av læreplanen. Den erfarte læreplanen viser at dette er noko som òg lærarane gjer i møte med elevane. Det ville vore interessant å funne ut om dette er nytt eller om det er blitt forsterka

¹ Sig. mellom lærar og elev; Lærar (M=5.33, SD=0.516) og Elev (M=4.19, SD=1.290); $t(95)= 2.156$, $p=.034$ (2-tailed)

gjennom den nye læreplanen (LK06). Det blir i midlertidig vanskeleg, og ein måtte fulgt fleire lærarar over tid for å få det til.

Òg her samsvarer læraren sin oppfatta læreplan svært godt med den erfarte læreplanen. Lærarane rangerer påstanden like høgt som elevane, dei er «nokså einig» i påstanden. Lærarane rangerer lærarane påstanden på ein delt fjerde plass.

6) *Eg opplever at leikprega aktivitetar, der gleda av å væra i bevegelse i eit sosialt fellesskap står i sentrum, er det viktigaste i faget.*

I elevane sin erfarte læreplan vert denne påstanden rangert på ein sjette plass. Elevane er i underkant av «nokså einig» i påstanden.

Læraren rangerer påstanden som den tredje viktigaste. Gjennomsnittet viser at dei er midt i mellom «nokså einig» og «einig» i at denne påstanden. Til tross for at dei ikkje er ein statistisk signifikant forskjell mellom den erfarte læreplanen og den oppfatta læreplan ser me at det er eit vesentleg sprik mellom dei.

7) *Eg opplever at konkurransar, der elevane får visa kor gode dei er i idrett, er det viktigaste i faget.*

Elevane rangerer påstanden på ein sjuande plass. Dei er verken einig eller ueinig i påstanden, den vert plassert mellom «nokså ueinig» og «nokså einig». Til tross for at mange av aktivitetane i faget inneheld konkurranseelement, erfarer ikkje elevane at dette vert vektlagt i stor grad.

Òg læraren rangerer denne påstanden lågt. Hå dei kjem den på ein åttande plass i rangeringa. Lærarane er i gjennomsnitt mellom «nokså ueinig» og «ueinig» i påstanden. Heller ikkje her er det ein statistisk signifikant forskjell mellom den erfarte læreplan og den oppfatta læreplanen. Men me ser likevel at elevane rapporterer at dei erfarer at det er viktigare en det lærarane gir uttrykk for.

8) *Eg opplever at det å utforske, skape og finne på bevegelsar (kroppslig kreativitet) er det viktigaste i faget.*

I elevane sin erfarte læreplan, vert denne påstanden rangert som nummer åtte. Dei er verken einig eller ueinig i påstanden. Påstanden plasserer elevane mellom «nokså ueinig» og «nokså einig», men eit gjennomsnitt på 3.20 syner at dei er nærmare «nokså ueinig». I

kompetansemåla etter 10. årssteg er vert ikkje kreativitet nemnt. I lys av dette er det difor ikkje overraskande at påstanden vert rangert nest lågast i undersøkinga.

Lærarane sin oppfatta læreplan svarer her svært godt med den erfarte læreplanen. Lærarane rangerer påstanden tilsvarende det elevane gjer (på ein sjuande plass, med eit gjennomsnitt på 3.17).

9) *Eg opplever at det å utvikle stilfulle, vakre, stemningsfulle og kule bevegelser (kroppslig estetikk) er det viktigaste i faget.*

I elevane sin erfarte læreplan vert denne påstanden rangert på ein klar sisteplass. Elevane er midt i mellom «nokså ueinig» og «ueinig» i denne påstanden.

Lærarane rangerer òg denne påstanden lågast. Dei er i underkant av «ueinig» i at dette er det viktigaste i faget. På bakgrunn av at kroppslig estetikk ikkje er nemnd i LK06 så er ikkje resultatet overraskande.

4.1.4 Oppsummering

Den erfarte læreplan viser seg å vera mangfaldig i undersøkinga. Ingen av påstandane merka seg ut som vesentleg viktigare enn dei andre. Dette kan vera ein indikasjon på at elevane opplever kroppsovingundervisninga som variert. Blant dei lågast rangerte påstandane var det større forskjellar. Eg meiner at rangeringa samsvarer godt med det eg meiner at LK06 legg vekt på, min oppfatta læreplan.

Lærarane sin oppfatta læreplan samsvarer i stor grad med den erfarte læreplanen.

Variasjonsbreidda blant påstandane er større blant lærarane, men med tanke på det låge talet på lærarar (seks) i forhold til elevar (91) er det som venta. Det er likevel nokre interessante forskjellar mellom dei to læreplannivåa. Lærarane rangerer for eksempel påstanden knytt til grunntrening i deira oppfatta læreplan som den sjette viktigaste, medan påstanden i den erfarte læreplanen er rangert som den nest viktigaste. At lærarutvalet berre har seks respondentar gjer det vanskeleg å finne statistisk signifikante forskjellar mellom læreplannivåa.

4.2 Den erfarte læreplanen i lys av kjønn

Kroppsoving vert av fleire sett på som gutane sitt fag. Undersøkingar viser òg at kroppsoving er det einaste faget der gutane i stor grad får betre karrakter enn jentene (Brattenborg & Engebretsen, 2007). Eg har difor valt å sjå om det er forskjellar i elevane sin erfarte læreplan i forhold til kjønn. Av dei 91 respondentane i undersøkinga var det 45 gutar og 46 jenter.

Tabell 4: Variasjon knytt til kjønn. I vedlegg 7a kan du sjå fordelinga av svara på bakgrunn av kjønn.

	Påstandar	Kjønn		T-test Sig.2-tailed. p=
		Gut	Jente	
1.	Eg opplever at det viktigaste med kroppsøvningsfaget er at det bidrar til utvikling av heile mennesket (sosialt, fysisk og psykisk).	4,67 (1)	4,00 (4)	0.003
2.	Eg opplever at grunntrening (uthald, styrke, spenst, beveglegheit og hurtighet) er det viktigaste i faget.	4,29 (3)	4,22 (2)	0.745
3.	Eg opplever at det viktigaste i faget er at elevane skal lære korleis ulike aktivitetar kan påverke helsa og korleis dei kan driva med helsefremjande aktivitetar.	4,20 (4)	4,17 (3)	0.924
4.	Eg opplever at læring av bevegelsar, ferdighetar og teknikkar i idrettar og kvardagsliv er det viktigaste i faget.	4,07 (5)	4,24 (1)	0.506
5.	Eg opplever at det viktigaste i faget er å få elevane i god form for å fremja betre helse.	4,43 (2)	3,89 (5)	0.034
6.	Eg opplever at leikprega aktivitetar, der gleda av å væra i bevegelse i eit sosialt fellesskap står i sentrum, er det viktigaste i faget.	4,04 (6)	3,65 (6)	0.195
7.	Eg opplever at konkurransar, der elevane får visa kor gode dei er i idrett, er det viktigaste i faget.	3,78 (7)	3,09 (7)	0.022
8.	Eg opplever at det å utforske, skape og finne på bevegelsar (kroppsleg kreativitet) er det viktigaste i faget.	3,36 (8)	3,04 (8)	0.215
9.	Eg opplever at det å utvikle stilfulle, vakre, stemningsfulle og kule bevegelsar (kroppsleg estetikk) er det viktigaste i faget.	2,64 (9)	2,41 (9)	0.347

«Resultatet viser korleis gutar og jenter rangerte kvar av påstandane. Tala i parentes viser kva plassering påstanden har i gruppa når eg rangerer dei frå høg til lav. Kollona lengst til høgre viser p-verdi ved ein t-test. Sjå vedlegg 7b for SPSS-utskrift av t-testen »

4.2.1 Drøfting

Av tabell 4 ser me at gutane opplever at lærarane vektlegg åtte av ni påstandar høgare enn jentene. Den einaste påstanden der jentene opplever læraren si vektlegging høgare er: “Eg opplever at læring av bevegelsar, ferdighetar og teknikkar i idrettar og kvardagsliv er det viktigaste i faget”. Denne påstanden vert av jentene vurdert som den viktigaste, mens den kjem på ein fjerde plass blant gutane. Me ser òg at gutane og jentene er einige i kva for påstandar som er minst viktig. Påstanden som av gutane er rangerert på 6., 7., 8. og 9. plass har den same plasseringa hjå jentene.

Til tross for forskjellar knytt til kjønn i alle påstandane er berre tre av dei statistisk signifikante:

1) *Eg opplever at det viktigaste med kroppsøving sfaget er at det bidrar til utvikling av heile mennesket (sosialt, fysisk og psykisk).* Gutane vurderer læraren si vektlegging av dette signifikant ($p=.003$)² høgare enn jentene. Ein p-verdi på 0.003 fortell at det berre er ein 0,3% sjanse for at forskjellen er tilfeldig. Brattenborg og Engebretsen skriv følgjande (2007, s. 161):

Kjønn er vesentlig for hvordan vi opplever kroppsøving og idrett. For å kunne planlegge og gjennomføre en undervisning i kroppsøving hvor flest mulig av elevene skal ha en mulighet til å nærme seg målene, må læreren blandt annet ta utgangspunkt i jentas og guttenes erfaringer, interesser og livsverden. Da kan hun bygge undervisningen på elevenes positive erfaringer og interessene deres.

Det er òg viktig at både gutar og jenter møter aktivitetar som dei kan meistre i undervisninga, slik kan dei få ein positiv oppleving av dei. Meistrar elevane aktivitetar som dei har hatt eit dårlig forhold til skapar det ein enno større mestringskjensle. Dei meistrar då ikkje bare aktiviteten, men dei overvinn og seg sjølv både fysisk og psykisk (Brattenborg og Engebretsen, 2007). Brattenborg og Engebretsen trekk òg fram at for å utvikla ein positiv sjølvoppfatning så må det elevane meistrar vera viktig i deira verd (2007).

I lys av dette kan kanskje forskjellen forklarast på tre måtar:

- i. Gutar opplever oftare mestring enn jentene.
- ii. Det som elevane føler at dei meistrar i undervisninga er av større betyding for gutane enn for jentene.
- iii. Gutar og jenter har ulik oppfatning av kva som vert lagt i omgrepa: sosialt, fysisk og psykisk.

Ein utfordring for læraren vert uansett å gi gutar og jenter like vilkår for å meistre aktivitetar og til å utvikla seg sosialt, fysisk og psykisk (Brattenborg og Engebretsen, 2007).

2) *Eg opplever at konkurransar, der elevane får visa kor gode dei er i idrett, er det viktigaste i faget.* Gutane vurderer lærarens vektlegging av dette signifikant ($p=.022$)³

² Sig. mellom kjønna Gut (M=4.67, SD=0.953) og Jente (M=4.00, SD=1.087); $t(88)= 3.093$, $p=.003$ (2-tailed)

³ Sig. mellom kjønna Gut (M=3.78, SD=1.521) og Jente (M=3.09, SD=1.297); $t(89)= 2.334$, $p=.022$ (2-tailed)

høgare enn jentene. Imsen skriv at det blant gutar på ungdomstrinnet er viktigare å vera god i kroppsøving enn blant jentene (1996). Brattenborg og Engebretsen trekk i tillegg fram at det i gutar sin leik og vennsstruktur er meir akseptert med open konkurranse (2007). Ein forklaring til forskjellen kan difor vera at gutar opplev konkurransane i undervisninga som meir viktig enn det jentene gjer.

- 3) *Eg opplever at det viktigaste i faget er å få elevane i god form for å fremja betre helse.* òg dette vert vurderert signifikant ($p=.034$)⁴ høgare blant gutane. Anne Torhild Klomsten skreiv i 2006 ei doktoravhandling der ho undersøkte fysisk sjølvopfatning og verdiar knytt til idrett og kroppsøving blant gutar og jenter. Resultatet viste at gutar har gjennomgåande ein meir positiv fysisk sjølvopfatning enn jenter. Undersøkinga viste òg at gutane er meir opptekne av musklar, det å vera sterk, uthaldande og generelt god i idrett (sitert i Brattenborg & Engebretsen, 2007, s.160). Ein kan difor tenkje at forskjellen mellom gutar og jenter kan vera knytt til korleis gutar og jenter sjølv vurderer påstanden.

4.2.2 Oppsummering

Undersøkinga viser at det ikkje er store skilnader i gutar og jenter sin erfarte læreplan. Men nokre forskjellar finn ein. Ommundsen skriv at ein mogleg forklaring på at jentene har dårlegare sjølvopfatning i kroppsøving kan vera at dei i mindre grad får sine aktivitetsynskjer ivaretatt i undervisninga (1995). Det viser òg Gunn Imsen sine funn i hennar evaluering av grunnskulen sitt arbeid for likestilling (1996). For læraren vert det ei viktig oppgåve å nytta gutar og jenter sine erfaringar og interesser i planlegging og gjennomføring av undervisninga.

4.3 Den erfarte læreplanen i lys av elevane si deltaking i idrett

77 elevar svara at dei driv med idrett i eit idrettslag/annan organisasjon i undersøkinga. Tolv elevar svara at dei ikkje gjer det (seks gutar og seks jenter). To elevar har ikkje svart på dette spørsmålet.

⁴ Sig. mellom kjønna Gut ($M=4.43$, $SD=1.2446$) og Jente ($M=3.89$, $SD=1.140$); $t(88)= 2.149$, $p=.034$ (2-tailed)

Tabell 5: Variasjon knytt til elevane si deltaking i idrett.

	Påstandar	Driv elevane med idrett i eit idrettslag/annan organisasjon?		T-test Sig.2-tailed. p=
		Ja	Nei	
1.	Eg opplever at det viktigaste med kroppsøvningsfaget er at det bidrar til utvikling av heile mennesket (sosialt, fysisk og psykisk).	4,38 (1)	4,00 (2)	0.282
2.	Eg opplever at grunntrening (uthald, styrke, spenst, bevegelse og hurtighet) er det viktigaste i faget.	4,35 (2)	3,67 (5)	0.035
3.	Eg opplever at det viktigaste i faget er at elevane skal lære korleis ulike aktivitetar kan påverke helsa og korleis dei kan driva med helsefremjande aktivitetar.	4,21 (4)	3,92 (3)	0.470
4.	Eg opplever at læring av bevegelsar, ferdighetar og teknikkar i idrettar og kvardagsliv er det viktigaste i faget.	4,21 (3)	3,83 (4)	0.330
5.	Eg opplever at det viktigaste i faget er å få elevane i god form for å fremja betre helse.	4,16 (5)	4,17 (1)	0.982
6.	Eg opplever at leikprega aktivitetar, der gleden av å vera i bevegelse i eit sosialt fellesskap står i sentrum, er det viktigaste i faget.	3,95 (6)	3,08 (6)	0.054
7.	Eg opplever at konkurransar, der elevane får visa kor gode dei er i idrett, er det viktigaste i faget.	3,51 (7)	3,08 (6)	0.346
8.	Eg opplever at det å utforske, skape og finne på bevegelsar (kroppsleg kreativitet) er det viktigaste i faget.	3,21 (8)	2,83 (8)	0.304
9.	Eg opplever at det å utvikle stilfulle, vakre, stemningsfulle og kule bevegelsar (kroppsleg estetikk) er det viktigaste i faget.	2,55 (9)	2,25 (9)	0.419

«Resultatet viser korleis elevar som driv med idrett i eit idrettslag/annan organisasjon rangerer kvar av påstandane i forhold til elevane som ikkje gjer det. Tala i parentes viser kva plassering påstanden har i gruppa når eg rangerer dei frå høg til lav. Sjå vedlegg 8 for SPSS-utskrift av t-testen.»

4.3.1 Drøfting

Av tabell 5 ser ein her at dei elevane som driv med idrett rangerer åtte av ni påstandar høgare dei som ikkje driv med idrett. *Eg opplever at det viktigaste i faget er å få elevane i god form for å fremja betre helse*, er den einaste påstanden dei ikkje rangerer høgare (med minst

mogleg margin). Elevane som ikkje driv med idrett vurderer denne påstanden som den viktigaste av alle. Òg her er dei to gruppene einige i kva påstandar som er minst viktig.

Blant forskjellane mellom elevane som driv med idrett og dei som ikkje driv med idrett er berre ein statistisk signifikant:

1) *Eg opplever at grunntrening (uthald, styrke, spenst, beveglighet og hurtighet) er det viktigaste i faget.*) Elevane som driv med idrett vurderer lærarens vektlegging av dette signifikant ($p=.035$)⁵ høgare enn dei som ikkje driv med idrett. Ein forklaring på dette kan vera at elevar som driv med idrett opplever grunntrening som meir verdifult og at dei difor opplever læraren si vektlegging av dette høgare. Brattenborg og Engebretsen skriver (2007, s. 145):

Elevane vil representere forskjellige verdier, normer og holdninger. Noen elever kan komme fra hjem og kulturer som verdsetter fysisk aktivitet og friluftsliv høyt, andre fra hjem og kulturer hvor andre faktorer tillegges verdi.

4.3.2 Oppsummering

Undersøkingar viser at det er få skilnader i elevane sin erfarte læreplan på bakgrunn av om dei driv eller ikkje driv med idrett. At det i undersøkinga berre er tolv elevar som ikkje driv med idrett i eit idrettslag/annan organisasjon gjer det vanskelig å finne statistisk signifikante forskjellar. Det er likevel verd å leggja merke til at elevane som driv med idrett i svært stor grad vurderer læraren sin vektlegging høgare.

4.4 Den erfarte læreplanen i lys av karakterskilnadar

I undersøkinga mi svara ein av respondentane at den siste karakter i kroppsøving var 3 og ein svara at den siste karakteren var 6. Med så få respondentar kan eg ikkje generalisera samanhengar på bakgrunn av karakterane 3 og 6. Eg vil i midlertidig prøve å gjere det på bakgrunn av dei elevane som svara at deira siste karakter var 4 eller 5. Det var høvesvis 45 og 44 elevar.

⁵ Sig. mellom elevane som driv med idrett og dei som ikkje driv med idrett. Ja (driv med idrett) (M=4.35, SD=0.997) og Nei (driv ikkje med idrett) (M=3.67, SD=1.231); $t(87)= 2.141$, $p=.035$ (2-tailed)

Tabell 6: Variasjon knytt til karakter.

	Påstandar	Min siste karakter i kroppsøving		T-test Sig.2-tailed. p=
		4	5	
1.	Eg opplever at det viktigaste med kroppsøvingfaget er at det bidrar til utvikling av heile mennesket (sosialt, fysisk og psykisk).	4,14 (2)	4,55 (1)	0.073
2.	Eg opplever at grunn trening (uthald, styrke, spenst, bevegelse og hurtighet) er det viktigaste i faget.	4,16 (1)	4,30 (3)	0.525
3.	Eg opplever at det viktigaste i faget er at elevane skal lære korleis ulike aktivitetar kan påverke helsa og korleis dei kan driva med helsefremjande aktivitetar.	4,09 (3)	4,30 (3)	0.455
4.	Eg opplever at læring av bevegelsar, ferdigheter og teknikkar i idrettar og kvardagsliv er det viktigaste i faget.	4,05 (4)	4,25 (5)	0.452
5.	Eg opplever at det viktigaste i faget er å få elevane i god form for å fremja betre helse.	3,93 (5)	4,35 (2)	0.112
6.	Eg opplever at leikprega aktivitetar, der glede av å vera i bevegelse i eit sosialt fellesskap står i sentrum, er det viktigaste i faget.	3,69 (6)	4,00 (6)	0.313
7.	Eg opplever at konkurransar, der elevane får visa kor gode dei er i idrett, er det viktigaste i faget.	3,20 (7)	3,61 (7)	0.176
8.	Eg opplever at det å utforske, skape og finne på bevegelsar (kroppsleg kreativitet) er det viktigaste i faget.	3,02 (8)	3,36 (8)	0.183
9.	Eg opplever at det å utvikle stilfulle, vakre, stemningsfulle og kule bevegelsar (kroppsleg estetikk) er det viktigaste i faget.	2,47 (9)	2,64 (9)	0.496

«Resultatet viser korleis elevar med karakteren 4, rangerer påstandane i forhold til elevane med karakteren 5. Tala i parentes viser kva plassering påstanden har i gruppa når eg rangerer dei frå høg til lav. Sjå vedlegg 9 for SPSS-utskrift av t-testen »

4.4.1 Drøfting

Av tabell 6 ser me at elevane som har 5 som siste karakter i kroppsøving vurderer alle påstandane høgare i forhold til elevane med karakteren 4. Det er små forskjellar i rangeringa når me ser på kva påstandar som vert rangert høgast og lågast i gruppene. Dei fire lågast rangerte påstandane har same plasseringa i begge gruppene, slik me såg at dei hadde knytt til kjønn og til elevane sin deltaking i idrett. Av forskjellane knytt til karakter er ingen statistisk signifikante. Eg kan difor slå fast at karakternivå i liten grad spelar inn på dei dimensjonane av den erfarte læreplanen som vert fanga opp av utsegna i undersøkinga.

4.5 Korrelasjon

I ein korrelasjonsanalyse der eg samanlikna påstandane opp i mot kvarandre, fann eg ein positiv korrelasjon mellom låg og middels i alle påstandane. Det var ingen negative korrelasjonar. Dei ni påstandane gir totalt 36 forskjellige samvariasjonar, blant dei var 25 statistisk signifikante⁶. Sjå vedlegg 10. At det er ein svak positiv korrelasjon mellom alle påstandane fortell at elevane som vurderer ein påstand litt høgare en gjennomsnittet òg vurderer dei andre litt høgare en gjennomsnittet.

⁶ Korrelasjonane er signifikante på p 0.05 (2-tailed). 18 av dei 25 signifikante korrelasjonane er òg signifikante på p 0.01 (2-tailed).

5.0 Konklusjon

Undersøkinga viser at på det aktuelle trinnet så samsvarer elevane sin erfarte læreplanen i kroppsoving godt med lærarane sin oppfatta læreplanen. Av dei dimensjonane som påstandane i undersøkinga omfatta var det ingen som skil seg ut som vesentleg meir viktig enn andre. Dette kan tyde på at undervisninga er variert og fremjar forskjellige både kunnskaps-, ferdigheits- og haldningsmål. Dei fem påstandane som elevane rangerte høgast i den erfarte læreplanen var:

- *Eg opplever at det viktigaste med kroppsovingsfaget er at det bidrar til utvikling av heile mennesket (sosialt, fysisk og psykisk).*
- *Eg opplever at grunntrening (uthald, styrke, spenst, beveglighet og hurtighet) er det viktigaste i faget.*
- *Eg opplever at det viktigaste i faget er at elevane skal lære korleis ulike aktivitetar kan påverke helsa og korleis dei kan driva med helsefremjande aktivitetar.*
- *Eg opplever at læring av bevegelsar, ferdighetar og teknikkar i idrettar og kvardagsliv er det viktigaste i faget.*
- *Eg opplever at det viktigaste i faget er å få elevane i god form for å fremja betre helse.*

Resultatet viser at elevane var i overkant av «nokså einige» i desse påstandane. Vidare rangerte elevane dei fire siste påstandane frå i underkant av «nokså einig» til midt i mellom «nokså ueinig» og «ueinig», høvesvis:

- *Eg opplever at leikprega aktivitetar, der gleden av å vera i bevegelse i eit sosialt fellesskap står i sentrum, er det viktigaste i faget.*
- *Eg opplever at konkurransar, der elevane får visa kor gode dei er i idrett, er det viktigaste i faget.*
- *Eg opplever at det å utforske, skape og finne på bevegelsar (kroppslig kreativitet) er det viktigaste i faget.*
- *Eg opplever at det å utvikle stilfulle, vakre, stemningsfulle og kule bevegelsar (kroppslig estetikk) er det viktigaste i faget.*

Påstandane som i den erfarte læreplanen vert oppfatta som mindre viktig er i tråd med min oppfatta læreplan, då dei påstandane har ei lita eller inga rolle i den formelle læreplanen, LK06.

Til tross for eit generelt stort samsvar mellom erfart og oppfatta læreplan i undersøkinga, var det òg nokre som ikkje samsvarte like godt. Derav påstanden knytt til grunntrening. I den erfarte læreplanen var den rangert som det lærarane vektlegg nest mest, medan i den oppfatta læreplanen vart den rangert som nummer seks. I denne samanhengen trur eg at ein viktig utfordring for læraren vert å kommunisera måla for undervisninga i møte med elevane. Ein diskusjon knytt til kva og kvifor i etterkant av undervisninga vil bidra til at elevane vert aktivert òg på eit kognitivt nivå. Det er rimeleg å anta at resultatata i undersøkinga mi vil vera svært avhengig av utvalet. Ulike skular og lærarar vil har ulik praksis i faga. Eg trur læraren vil vera den største enkeltfaktor når me ser på forskjellar i den samanhengen. Resultata må difor sjåast i lys av utvalet.

Undersøkinga fann òg forskjellar i den erfarte læreplanen knytt til kjønn, idrettsbakgrunn og karakter. Gutar rangerer åtte av ni påstandar høgare enn jentene, idrettsaktive elevar rangerer åtte av ni påstandar høgare enn dei som ikkje driv med idrett, og elevane med karakteren 5 rangerer alle påstandane høgare enn elevane med karakteren 4. I alle samanhengane meiner eg at ein sentral utfordring for læraren vert å leggja til rette undervisninga med tanke på interesser, føresetnader og erfaringar. Slik kan ein leggja til rette for at alle elevane skal få oppleve mestring i faget.

Kjelder

Arnesen, T. E. & Aadland, H. (2013). Kroppsøving på barnsteget- vektlegging av leik og rørsleglede. I Espeland, M., Arnesen, T. E., Grønsdal, I. A., Holthe, A., Sømoe, K., Wergedahl, H., & Aadland, H. *Skolefagsundersøkelsen 2011. Praktiske og estetiske fag på barnsteget i norsk grunnskule* (HSH-rapport 2013/7) (s. 29-68). Stord: Høgskolen Stord/Haugesund

Arnold, P. J. (1991). The Preeminence of Skill as an Educational Value in the Movement Curriculum. *Quest, Volume 43*(1), 66-77.

Brattenborg, S. & Engebretsen, B. (2007). *Innføring i kroppsøvingsdidaktikk* (2. utg.). Kristiansand: Høyskoleforlaget.

Dalland, O. (2007). *Metode og oppgaveskriving for studenter*. (4.utg.). Oslo: Gyldendal akademisk

Engelsen, B. U. (2003). *Ideer som formet vår skole? Læreplanen som idébærer – et historisk perspektiv*. Oslo: Gyldendal.

Engelsen, B. U. (2006). *Kan læring planlegges? Arbeid med læreplaner – hva, hvordan, hvorfor?* (5. utg.). Oslo: Gyldendal.

Goodlad, J.I., Klein, M.F. & Tye, K.A. (1979). The domains of curriculum and their study. I J.I. Goodlad, M.P. Ammons, E.A. Buchanan, G.A. Griffin, H.W. Hill, A. Iwńska et al. (red.), *Curriculum inquiry. The study of curriculum practice* (s. 43–76). New York: McGraw-Hill.

Gratton, C. & Tice, A. (1989). Sports participation and health. *Leisure Studies* 8(1), 77-92. doi: 10.1080/02614368900390071

Gundem, B. B. (1990). *Læreplanpraksis og læreplanteori*. Oslo: Universitetsforlaget.

Imsen, G. (1996). *Mot økt likestilling? Evaluering av grunnskolens arbeid for likestilling utført for Kirke- utdannings- og forskningsdepartementet 1996*. Trondheim: Pedagogisk institut

Imsen, G. (2009). *Lærerenes verden : innføring i generell didaktikk* (4. utg.). Oslo: Universitetsforlaget

Johannessen, A. (2007). *Introduksjon til SPSS*. (3. utg.). Oslo: Abstrakt forlag.

- Johannessen, A., Tufte, P. A., & Christoffersen, L. (2011). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode*. (4. utg.). Oslo: Abstrakt forlag AS
- Kunnskapsdepartementet. (2012). *Informasjon om endringer i faget kroppsøving i grunnskolen og videregående opplæring* (Rundskriv Udir – 08 – 2012). Henta frå <http://www.udir.no/Regelverk/Rundskriv/2012/Udir82012-Informasjon-om-endringer-i-faget-kroppsoving-i-grunnskolen-og-videregaende-opplaring/3-Lareplanen-i-kroppsoving-/33-Grunnleggende-ferdigheter/?read=1>
- Lyngsnes, K. & Rismark, M. (2007). *Didaktisk arbeid* (2. utg.). Oslo: Gyldendal.
- Moe, O. E. H. (2013). *Læringsutbytte i kroppsøving* (Bacheloroppgåve, Høgskulen i Hedmark). Henta frå <http://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/132826/1/Ola%20Erik%20Heen%20Moe.pdf>
- Ommundsen, Y. (1995). Kroppsøving i skolen – et helsefremmende fag for alle? Utfordringer for faget, skole og samfunn. *Kroppsøving 1995* (7/8), 49-56.
- Ommundsen, Y. (2008). Kroppsøving: Danning eller helse? Om to ulike begrunnelser for faget og deres konsekvenser. I L. G. Briseid (Red.), *Fag og danning – mellom individ og fellesskap* (1. utg., s. 193-208). Bergen: Fagbokforlaget.
- Ommundsen, Y. (2013). Fysisk-motorisk ferdighet gjennom kroppsøving-et viktig bidrag til elevenes allmenndanning og læring i skolen. *Norsk pedagogisk tidsskrift* nr.2 2013
- Opplæringslova. (1998). Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa av 17. juli 1998 nr. 61. Henta 10. mai 2014 frå http://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61/KAPITTEL_1#KAPITTEL_1
- Ringdal, K. (2013). *Enhet og mangfold: Samfunnsvitenskapelig forskning og kvantitativ metode*. (3. utg.). Bergen: Fagbokforlaget AS
- Sterri, A. B. (2014, 4. mars). *Store norske leksikon*. Henta frå <http://snl.no/.versionview/547543>
- Utdanningsdirektoratet. (2012a). *Læreplan i kroppsøving (LK06)*. Henta frå <http://www.udir.no/kl06/KRO1-03/Hele/Formaal/>

Utdanningsdirektoratet. (2012b). *Læreplan i kroppsøving (LK06)*. Henta frå <http://www.udir.no/kl06/KRO1-03/Hele/Hovedomraader/>

Utdanningsdirektoratet. (2012c). *Veiledning til revidert læreplan i kroppsøving (LK06)*. Henta frå <http://www.udir.no/Lareplaner/Veiledninger-til-lareplaner/Revidert-2013/Veiledning-til-revidert-lareplan-i-kroppsoving/2-Fagets-egenart/>

Wenstøp, F. (2009). *Statistikk og dataanalyse* (9. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.

Wold, B. (1991). The lifestyle concept and health education with young people. *Journal of the Institute of Health Education*, 29(3), 98-103. doi: 10.1080/03073289.1991.10805745

Vedlegg 1, Informasjonsskriv til Rektor

Mads Meløy Nilsen
Legemyrvegen 3A
Grunnskulelærerstudent på 5-10
Høgskolen Stord/Haugesund

Stord 2.mars 2014

Til Rektor xxx
xxx
xxx
xxx

Førespurnad om deltaking på undersøking

Eg er 3. års lærarstudent ved Høgskulen Stord/Haugesund. Denne våren skal eg gjennomføra ei undersøking i forbindelse med mi bacheloroppgåve i pedagogikk og elevkunnskap. Eg sender deg difor ein førespurnad om å få lov til å gjennomføre ei undersøking blant lærarane/elevane v/xxx ungdomsskole.

Temaet for oppgåva er «Elevane si oppleving av kroppsøvingsfaget». Dette ynskjer eg å skrive om for å kasta ljøs over forholdet mellom den formelle og den erfarte læreplan. Eg vil også gjennomføre undersøkinga på nokre lærarar, dette for å sjå om deira intensjonar samsvarer med elevane si oppleving. Eg vil be elevane/lærarane om å krysse av på eit spørjeskjema der dei på ein skala frå 1-6, svarar kor einige dei er i nokre påstandar om faget.

Det vil ta omtrent ti minutt å delta på undersøkinga. Det er frivillig å delta.

Datamaterialet eg hentar inn i undersøkinga, kjem berre til å verta brukt i arbeidet med bacheloroppgåva. Der skal eg analysera funna og samanlikna resultatata med anna forskning på området, pedagogisk/fagdidaktisk teori og Læreplanen Kunnskapsløftet 2006.

Eg er gjennom høgskulen underlagt teieplikta og all informasjon som blir samla inn gjennom denne undersøkinga, vil teken hand om konfidensielt og anonymt og vil bli makulert etter at materialet er analysert og oppgåva er levert.

Om du har noen spørsmål til undersøkinga, kan du ta kontakt med undertegnende på mail: mads9lsen@gmail.com eller mobil 41404198.

Med vennleg helsing

Mads Meløy Nilsen

Vedlegg 2, Informasjonsskriv til føresette

Informasjon til føresette

Eg er ein student som går 3. året på grunnskolelærerutdanning ved HSH, Rommetveit. Dette semesteret skal eg skriva ei bacheloroppgåve i pedagogikk og elevkunnskap med fordjuping i kroppsøvingsfaget.

Temaet for bacheloroppgåva er elevane si oppleving av kroppsøvingsfaget. Eg ynskjer å undersøkje kva elevane opplever blir vektlagt i faget.

Eg vil i løpet av mars 2014, nytta eit spørjeskjema for å få inn data om temaet. Alle data vert handsama konfidensielt, ingen namn eller kjenneteikn på elevane vil verta nytta.

Dette er frivillig, og dersom ein ikkje vil ha boret sitt med på dette, ta kontakt med underteikna.

Ta også kontakt dersom de ynskjer meir informasjon om oppgåva.

Med vennleg helsing

Mads Meløy Nilsen
41404198
mads9lsen@gmail.com

Vedlegg 3a, Spørjeskjema

Spørjeskjema

Bakgrunnsinformasjon (sett ring rundt svara)

1. Kjønn: Gut Jente
2. Klassesteg: 8. 9. 10.
3. Min siste karakter i kroppsøving: 1. 2. 3. 4. 5. 6.
4. I kva grad likar du faget kroppsøving? Hatar det - Dårlig - Nokså dårlig - Verken eller - Nokså godt - Godt - Svært godt
5. Driv du med idrett i eit idrettslag/annan organisasjon? Ja Nei
6. Kor mange gongar i veka driv du fysisk aktivitet? 0 1-2 3-4 5-6 7<

Kva opplever du at læraren legg vekt på i kroppsøvingstimane

7. I tabellen under er det 9 påstandar knytt til kroppsøvingfaget. Kryss av det du meiner at passar best i forhold til korleis du opplever undervisninga i kroppsøvingfaget. 1=svært ueinig, 2=ueinig, 3=nokså ueinig, 4=nokså einig, 5=einig og 6 = svært einig. Du kan nytta kvart tal så mange gongar du ynskjer.

Påstandar:	1	2	3	4	5	6
1. Eg opplever at grunntrening (uthald, styrke, spenst, beveglegheit og hurtighet) er det viktigaste i faget.						
2. Eg opplever at det viktigaste i faget er å få elevane i god form for å fremja betre helse.						
3. Eg opplever at konkurransar, der elevane får visa kor gode dei er i idrett, er det viktigaste i faget.						
4. Eg opplever at leikprega aktivitetar, der gleda av å vera i bevegelse i eit sosialt fellesskap står i sentrum, er det viktigaste i faget.						
5. Eg opplever at det viktigaste med kroppsøvingfaget er at det bidrar til utvikling av heile mennesket (sosialt, fysisk og psykisk).						
6. Eg opplever at læring av bevegelsar, ferdighetar og teknikkar i idrettar og kvardagsliv er det viktigaste i faget.						
7. Eg opplever at det å utforske, skape og finne på bevegelsar (kroppsleg kreativitet) er det viktigaste i faget.						
8. Eg opplever at det å utvikle stilfulle, vakre, stemningsfulle og kule bevegelsar (kroppsleg estetikk) er det viktigaste i faget.						
9. Eg opplever at det viktigaste i faget er at elevane skal lære korleis ulike aktivitetar kan påverke helsa og korleis dei kan driva med helsefremjande aktivitetar.						

Vedlegg 3b, Spørjeskjema med resultat

Spørjeskjema

Bakgrunnsinformasjon (sett ring rundt svara) Frekvens/Prosent

1. Kjønn:	Gut: 45/49,5%	Jente 46/50,5%					Σ: 91/100%
2. Klassesteg:	8. 0/0%	9. 91/100%	10. 0/0%				Σ: 91/100%
3. Min siste karakter i kroppsøving:	1. 0/0%	2. 0/0%	3. 1/1,1%	4. 45/49,5%	5. 44/48,4%	6. 1/1,1%	Σ: 91/100%
4. I kva grad likar du faget kroppsøving?	Hatar det - Dårlig - Nokså dårlig - Verken eller - Nokså godt - Godt - Svært god						Σ: 90/98,9%
	1/1,1%	1/1,1%	0/0%	11/12,1%	14/15,4%	24/26,4%	39/42,9%
5. Driv du med idrett i eit idrettslag/annan organisasjon?	Ja 77/84,6%		Nei 12/49,5%				Σ: 89/97,8%
6. Kor mange gongar i veka driv du fysisk aktivitet?	0 1/1,1%	1-2 12/13,2%	3-4 40/44%	5-6 22/24,2%	7< 16/17,6%	Σ: 91/100%	


Kva opplever du at læraren legg vekt på i kroppsøvingstimane

7. I tabellen under er det 9 påstandar knytt til kroppsøvingfaget. Kryss av det du meiner at passar best i forhold til korleis du opplever undervisninga i kroppsøvingfaget. 1=svært ueinig, 2=ueinig, 3=nokså ueinig, 4=nokså einig, 5=einig og 6 = svært einig. Du kan nytta kvart tal så mange gongar du ynskjer.

Påstandar:	1	2	3	4	5	6	Σ
